

Skuleinfo

2011 - 2012



Holmedal
montessoriskule

Velkommen til nytt skuleår og nye utfordringar!

Dette er eit informasjonshefte der vi forsøker å samle all viktig informasjon som vedkjem elevar og foreldre kommande skuleår. Her har vi samla montessoriprinsipp, skulerute, dei viktigaste aktivitetane i løpet av skuleåret, liste over dei tilsette, ordensreglar, køyrereglar/rutiner, grupper og liknande. Vi håpar og trur at dette vil gje dykk ei oversikt over kva vi driv med, og at det kan vere til hjelp om det er ting de lurar på. Elles er det kjekt om de tek kontakt med skulen om det er ting de vil ta opp, snakke om eller berre spørje om. Vi skal ha eit foreldremøte for alle tysdag 6. september, og utviklingssamtaler for elevane i 1. klasse startar allereie i veke 38. For resten av elevane vert desse samtalane avvikla etter haustferien, i veke 43 og 44. To av lærarane i gruppe 2 skal ha eksamen i montessorimateriell like før haustferien. Difor har vi valt å ha utviklingssamtalene etter dette.

Personalet, skuleåret 2011-2012:

Gruppe 1: Olga Margrete Ask Skrede, Ank De Jong, Ann-Mari Søreide, Torbjørg Aasen, Miriam Torillsdatter Harbo, Leni Enstad Johannessen.

Gruppe 2: Liesbeth Fokker, Are Morten Follevåg, Even Bøthun, Oddveig Lyngstad, Henny Vågane, Helga Carlsen, Leni Enstad Johannessen.

Vi har knytt til oss Helga Carlsen og Miriam Torillsdatter Harbo (begge busette i Stongforden) dette skuleåret. Både Helga og Miriam har arbeidd ein heil del som vikar hjå oss førre skuleåret, og er godt kjende med skulen og elevane. Helga blir å finne i gruppe 2 torsdag og fredag. I tillegg til å vere assistent, skal ho ha ansvar for kunst og handverk i lag med Even og Henny. Miriam blir å finne i gruppe 1 tysdag, onsdag og fredag. I tillegg til å vere assistent, skal ho ha hovudansvar for kunst og handverk i gruppe 1. Leni Enstad Johannessen skal også arbeide hos oss dette skuleåret. Ho er i ein opplærings situasjon i forhold til barne- og ungdomsarbeidarfaget. Leni vil arbeide både i gruppe 1 og gruppe 2, og vil også arbeide noko i SFO, i lag med Inger Anne Sagosen.

Rektor er i gang med rektorutdanning ved konsortiet ledelse øst (Høgskolen i Oslo, Høgskolen på Hedmark og Universitetet i Karlstad), og dette inneber at ho vil vere borte nokre dagar kvart semester for å delta på samlingar. Det vil også bety at ho skal drive ein del utviklingsarbeid ved skulen, som ein del av dette studiet. Dette vil de truleg få høyre meir om i løpet av skuleåret.

Vi ser fram til eit godt samarbeid med dykk der heime, for å skape eit best mogeleg læringsmiljø og ein best mogeleg sosial arena for alle elevane våre.

Holmedal montessoriskule, 16.08.2011

Oddveig Lyngstad, rektor.

Tilsette ved Holmedal montessoriskule

Oddveig Lyngstad	Rektor Lærer, gruppe 2 Montessoripedagog 6 – 12 år	57724253 (arbeid) 57734410 (heime) 99500883 (mobil)
Dagny Kristin Sagosen Haugsvær	Montessoripedagog, 6 – 9 år <i>Permisjon ut 2011.</i>	57734253 (arbeid) 99227901 (mobil)
Are Morten Follevåg	Kontaktlærer, gruppe 2 <i>Vikar for Dagny skuleåret 2011/2012.</i>	57734253 (arbeid) 95978354 (mobil)
Liesbeth Fokker	Kontaktlærer, gruppe 2 Studerer montessoripedagogikk, 9 – 12 år	57734253 (arbeid) 90412391 (mobil)
Olga Margrethe Ask Skrede	Kontaktlærer, gruppe 1 Montessoripedagog, 3 – 9 år	57734253 (arbeid) 91188446 (mobil)
Ank De Jong	Kontaktlærer, gruppe 1 Montessoripedagog, 6 – 9 år	57734253 (arbeid) 99099453 (mobil)
Ann – Mari Søreide	Lærer /assistent, gruppe 1 Studerer montessoripedagogikk, 6 – 9 år	57734253 (arbeid) 41803669 (mobil)
Henny Vågane	Lærer / assistent, gruppe 2	57734253 (arbeid) 41613867 (mobil)
Even Bøthun	Lærer, gruppe 2 Studerer montessoripedagogikk, 9 – 12 år Dataansvarleg	57734253 (arbeid) 48249535 (mobil)
Torbjörg Aasen	Lærer / assistent, gruppe 1	57724253 (arbeid) 41242546 (mobil)
Helga Carlsen	Lærer / assistent, gruppe 2	97588969 (mobil)
Miriam Torillsdatter Harbo	Lærer / assistent, gruppe 1	95256031 (mobil)
Leni Enstad Johannessen	I opplæring, gr 1 og gr 2.	
Tove Vadøy	Kontorleiar (tysdag og torsdag)	57734253 (arbeid) 90883857 (mobil)
Synnøve Krogenes	Reinhaldar	

Innleigd frå Askvoll kulturskule:

Øyvind Selvik	Musikk lærar, gruppe 2	41612102 (mobil)
----------------------	------------------------	------------------

**KONTAKTLÆRERAR
GRUPPE 1**

1. trinn	
Rosalie Anne Elizabeth Jacobs	Olga
Brage Losnegård Hansen	Ank
Amalie Marie Strømme	Ank
Jostein Øvreås	Olga
Kristian England	Olga
Kristoffer Ask Torsheim	Ank
Johan Olav Lien	Ank
2. trinn	
Mathea Grimelid Hegrenes	Ank
Kristina Olset	Olga
Christoffer Haga	Olga
Simon Sandnes Helle	Olga
Odin Ekeland Osland	Ank
3. trinn	
Sivert Ask Torsheim	Ank
Truls Wik Tønder	Ank
Sindre Wik Tønder	Ank
Martin England	Olga
Odd Asle Toft	Olga
Sigrid Hoddevik Losnegård	Olga

**KONTAKTLÆRERAR
GRUPPE 2**

4. trinn	
Linnea Skarstein	Are Morten
Liv Anne Kønig Holdhus	Liesbeth
Trygve Johan Nyhaug	Are Morten
Brage Haugen	Are Morten
Nikolai Nordeide Kjørvik	Liesbeth
Petter Rivedal Ask	Liesbeth
Nikolai Fauske Rivedal	Liesbeth
Ingrid Øvreås	Liesbeth
Charlotte Suzanne Jacobs	Are Morten
Nikolai Stenseth Langeland	Liesbeth
5. trinn	
Ingeborg Grane Ringstad	Oddveig
Emilie Vagstad Eimhjellen	Are Morten
Maren Linnea Hestvik Mork	Are Morten
6. trinn	
Kamilla Fauske Rivedal	Liesbeth
Sunniva Hoddevik Losnegård	Liesbeth
Bjørnar Sunde	Liesbeth
Vilde Vårdal	Liesbeth
Damian Swat	Liesbeth
Ragnar Kløvtveit	Oddveig
Ole-Johan Øvreås	Liesbeth
Turid Ekeblad Itland	Oddveig
7. trinn	
Nikolai Skarstein	Are Morten
Malene Ask Barsnes	Are Morten
Thea Marie Rivedal	Are Morten
Sofie Ingeborg Hestvik Mork	Are Morten
Tobias Lyngstad	Are Morten
Kim André Vårdal Hellenes	Are Morten
Jarl Anders Grane Ringstad	Oddveig

Månadane:	Tal skuledagar:
AUGUST Første skuledag: Onsdag 17. august	11 dagar
SEPTEMBER	22 dagar
OKTOBER Haustferie måndag 10. til fredag 14. oktober(v. 41)	16 dagar
NOVEMBER	22 dagar
DESEMBER Siste skuledag før jul: Tysdag 20. desember	14 dagar
JANUAR Første skuledag: tysdag 3. januar	21 dagar
FEBRUAR Vinterferie: 20. februar – 24. februar(veke 8)	16 dagar
MARS Siste skuledag før påske: Fredag 30. mars	22 dagar
APRIL Første skuledag etter påske: tysdag 10. april Elevfrie dagar: Fredag 20. april og måndag 30. april <i>Elevfri dag, Holmedal montessoriskule: Fredag 27.april</i>	13 dagar (12)
MAI Elevfri dag: Fredag 18. mai	19 dagar
JUNI <i>Siste skuledag Holmedal montessoriskule: Tysdag 19. juni.</i>	14 dagar (13)
Sum:	190 dagar (188)

På grunn av pliktig frammøte for elevane på julemarknad, open dag og sommarfest, og skuletur med overnatting, avspaserer elevane på Holmedal montessoriskule to dagar dette skuleåret, samanlikna med samordna framlegg til skulerute for Sogn og Fjordane.

Fredag 27.april er sett av til inspirasjonsgang for personalet. Onsdag 20.juni har lærarane planleggingsdag (raud skrift indikerer dei endringane som er gjort i høve til samordna skulerute for Sogn og Fjordane).

AKTIVITETSKALENDER, HOLMEDAL MONTESSORISKULE

SKULEÅRET 2011/2012

AUGUST	11. – 12. august og 15. – 16. august Onsdag 17. august	Planleggingsdagar for lærarane Skulestart
SEPTEMBER	Tysdag 6. september Fredag 16. september Veke 37 Veke 38 Fredag 23. september	Foreldremøte kl. 19 – 21 Gr.1: kl. 19.00 – 19.45 Felles: kl. 19.45 – 20.30 Gr. 2: kl. 20.30 – 21.15 Jubileum Ingolfr Arnarsson – Kommunal dag for mellomtrinnet i kommunen Utviklingssamtaler 1. kl Haustdugnad Vevringutstillinga
OKTOBER	1. oktober 3. – 7. oktober (veke 40) 10. – 14. oktober (veke 41) Veke 43	Søknadsfrist elevinntak, våren 2012 Eksamensveke (Liesbeth, Even, Ann-Mari) Haustferie Utviklingssamtaler 2. – 7. kl
NOVEMBER	Veke 44	Utviklingssamtaler 2. – 7. kl
DESEMBER	Laurdag 3. desember Veke 50	Julemarknad 12.00 – 14.00 Felles juleverkstad, gr 1 og gr 2.
JANUAR	Tysdag 24. januar	Open dag 16.00 – 18.00
FEBRUAR	1. februar 20.- 24. februar (veke 8)	Søknadsfrist elevinntak, hausten 2012 Vinterferie
MARS	Veke 10 og 11 Veke 11-13 Veke 12-13	Utviklingssamtaler 1. – 7. kl Årsmøte/Foreldrekveld Skuletur med overnatting (vinteraktivitet)
APRIL	2. – 9. April (veke14) 20. april 27. april 30. april	Påskeferie Elevfri dag Nordic Montessori Conference 2012 (Oslo) Avspasering Elevfri dag
MAI	Veke 17-20 Veke 19/20 18. mai	Førebuing til 17. mai Vårdugnad Elevfri dag
JUNI	Veke 20 - 23 Onsdag 13. juni Tysdag 19. juni Onsdag 20. juni	7. klasse - tur Sommarfest Siste skuledag Planleggingsdag for lærarane

LÆRINGSPLAKATEN FOR MONTESSORISKULEN

Ein montessorigrunnskule pliktar å:

1. Organisere undervisninga ut frå dei grunnleggjande prinsippa i kosmisk utdanning: eit organisk, ikkje-lineært pensum, der ein presenterer heilskapen først, deretter detaljar, for så å gå tilbake til heilskapen.
2. Førebu eit fysisk miljø som er tilpassa grunnleggjande behov for barn frå 6 – 12 år.
3. Tiby materiell som kan konkretisere abstraksjonar og hjelpe elevane til å arbeide seg gjennom resonneringsprosessen frå det spesifikke til det generelle.
4. Skape eit dynamisk elevmiljø basert på aldersblanding og naturlege læringssituasjonar, der elevar lærer av kvarandre.
5. Skape ein struktur i undervisninga basert på lange arbeidsøker og små gruppepresentasjonar av fagmateriell.
6. Oppmuntre elevane til beundring, takkemd og respekt for heile skaparverket.
7. Bidra til ei sunn utvikling av viljen, gjennom ein dynamisk balanse mellom fridom og ansvar, og fremje gode arbeidsvanar hjå alle elevane.
8. Leggje til rette for gode sosiale relasjonar i gruppa gjennom etiske diskusjonar og aktivt bruke- og øve på harmoni og høfleg framferd.
9. Skape eit læringsmiljø der det er naturleg at barna brukar lokalmiljøet til å utforske natur og samfunn, i tillegg til arbeidet på skulen.
10. Skape eit læringsmiljø for dei eldre elevane, for utvikling og auka sjølvinnsikt gjennom aktiv eksperimentering, sjølvstende og integritet.
11. Skape eit miljø der læraren er ein tydeleg leiar og voksen, som kan vegleie medlemmene i gruppa i prosessen mot intellektuelt sjølvstende.
12. Sikre at miljøet på skulen fremjer trivsel og læring gjennom respekt for individet, miljøet og fellesskapet.
13. Leggje til rette for samarbeid med heimen, ved å tydeleggjere medansvaret dei føresette har i skulen.
14. Setje fred på jorda sentralt i heile læreprosessen, og hjelpe elevane til å sjå seg sjølv som aktive fredsskaparar.
15. Stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen i montessoripedagogikk i personalet.
16. Sjå verdiane med Barnas hus, og arbeide aktivt med å utvikle eit montessoritilbod til barn under 6 år.

”Hjelp meg til å hjelpe meg sjølv.”

Maria Montessori

FASTE RUTINER

TURDAG

I gruppe 1 er det fast turdag kvar torsdag føremiddag. Då er det viktig at elevane er kledde etter veret, og at dei har med seg godt med mat og drikke. Gruppe 2 kjem også til å gå/reise ein del på tur, men vil ikkje ha faste dagar for dette.

SYMJING

Etter haustferien startar vi med symjeopplæring. Vi leiger symjehallen frå etter haustferien og fram til påske. Alle får vere minst 10 gonger i bassenget i løpet av skuleåret. Til symjeopplæringa må elevane ha med *badekle, handkle og såpe* (de finn symjegupper og – tider i eit eigne skjema). Dei som har ansvar for symjeopplæringa har delteke på livredningskurs ved Askvoll skule.

MUSIKK/SAMSPEL

Øyvind Selvik har samspel / band med gruppe 2 kvar tysdag ettermiddag. Vi har delt dei 28 elevane i 4 grupper, slik at det er 7 elevar i kvar gruppe. Kvar gruppe får 1 time samspel annankvar veke (de finn musikkgruppene i eit eige skjema). Vi leiger lokale i Holmedal bygdehus til dette føremålet. Gruppe 1 har musikkgrupper fredag ettermiddag.

KROPPSØVING

Gruppe 1 har kroppsøving måndag ettermiddag, gruppe 2 fredag ettermiddag. Vi ber om at elevane har med eigna kle og sko til desse øktene. Det er viktig med ledig klede og gode sko til både inne-og utebruk. Når det er godt ver, vil ein ofte vere ute. Gruppe 2 har høve til å dusje etterpå, dersom dei vil det.

KUNST OG HANDVERK

Gruppe 1 har kunst og handverk tysdag ettermiddag, gruppe 2 torsdag ettermiddag.

LEKSEHJELP

Skulen har plikt til å gje tilbod om leksehjelp i 1. – 4. klasse. Leksehjelpa skal ikkje vere ein del av den obligatoriske opplæringa. Montessoriforbundet uttalte seg om denne ordninga då ho vart sett i gang hausten 2011. For montessoriskulen, som allereie har heildagskule, og langt fleire timar enn den offentlege skulen, har vi lagt alt skulearbeid i skuletida, og elevane har vanlegvis ikkje lekser. Skulen er likevel pliktig til å informere foreldre/føresette om tilbodet. Elevane skal ha rett til å delta, men tilbodet skal vere valfritt. Elevar i 1. – 4. klasse vil få med eit skjema heim der dei som ynskjer det kan melde på til leksehjelp. Leksehjelpa vil i så fall føregå mellom 12.00 og 12.30, måndag – torsdag.

KULTURSTUND

Den første fredagen i månaden vil vi starte dagen med felles kulturstund i gymsalen. Her syng vi i lag, og viser fram underhaldning for kvarandre.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Holmedal montessoriskule deltek på arrangement i regi av den kulturelle skulesekken. Som regel får vi desse tilboda på Askvoll skule, og då tar vi buss til og frå Askvoll. Vi har også fått besøk på eigen skule. Programmet for hausten er klart, og det ser slik ut:

07.11.2011

12:00

Delfinen - Hordaland teater
[Teater | 1. trinn - 4. trinn]



Stad: Askvoll skule

STOREFRI, MELLOM FØRSTE OG ANDRE ARBEIDSØKT

Elevane skal vere ute etter at dei har ete opp maten sin, fram til klokka ringjer inn til andre arbeidsøkt. Elevane får bruke gymsalen i storefri i perioden etter haustferien og før påskeferien. Det vil då bli laga ei fordeling mellom gruppe 1 og gruppe 2 om korleis bruken skal vere.

BYTEKLE OG INNESKO

Alle elevar har eigne korgar der dei kan ha eit sett med bytekle. Dette er **viktig** at alle har, for rett som det er, er det noko som blir våte/skitne, enten på tur eller i løpet av pausen. Vi brukar ikkje sko inne i klasseromma. Skoa må ein ta av i garderoben. Difor tilrår vi bruk av innesko, sidan det spesielt på vinteren kan verte litt vått i gangane.

HENTING, VERE MED HEIM, RINGE HEIM

Dersom elevar vert henta på skulen av andre enn dei vi veit til vanleg hentar, ynskjer vi at skulen vert informert om dette. Vi ynskjer også å verte informerte dersom elevar i gruppe 2 ikkje skal ta den bussen dei pleier, eller andre endringar i dei vanlege rutinene. Avtaler om å vere med nokon heim etter skuletid må vere gjort på førehand, evt. foreldre imellom, som gjev melding til skulen. Det vil ikkje verte høve for elevane å ringje heim for å gjere slike avtaler i skuletida.

SFO

Skulen vil ha eit tilbod om SFO tre ettermiddagar i veka: måndag, tysdag og torsdag, kl. 15.15-16.15. Inger Anne Sagosen vil vere her og aktivisere ungane. Leni Enstad Johansen skal også vere med og arbeide på SFO ved enkelte høve. Personalet har møte desse dagane, så det er alltid tilgjengeleg fleire vaksne også. Dersom de har behov for å nytte dette tilbodet, er det mogeleg å delta på enkelte dagar. Prisen er 50 kr. pr. gong. Vi har sendt ut påmeldingsskjema om dette tidlegare i sommar. Dersom nokon som treng slikt, ikkje har fått, må de ta kontakt med skulen, så ordnar vi det.

Ordensreglar

Holmedal montessoriskule

1. Møt alltid fram til avtalt tid. Ta med melding dersom du har vore borte frå skulen, eller kjem for seint.
2. Ver varsam på skulevegen, og følg trafikkreglane. Dei som følgjer buss må oppføre seg slik at dei ikkje uroar sjåføren, eller utset andre for bråk og uro.
3. Sørg for at du sjølv og andre får nødvendig arbeidsro.
4. Elevar under 10 år har ikkje lov å sykle til og frå skulen. Elevar over 10 år skal, dersom dei sykklar, parkere sykkelen på tilvist plass. Dersom ein i periodar av skuleåret har sykling som ein aktivitet i skuletida, skal ein sykle på område som er merkt av til dette føremålet. Det er påbode med hjelp når ein sykklar i skuletida.
5. Driv ikkje med leik som er farleg.
6. I pausane skal du vere ute, dersom ikkje anna er avtalt med rektor. I perioden etter haustferien og før påskeferien vil det vere lov å nytte gymsalen i pausen, etter avtalte reglar og tider.
7. Vi brukar ikkje tyggegummi eller snop i skuletida, dersom ikkje anna er avtalt med lærar/rektor.
8. Vis respekt for egne eller andre sine ting. Hugs at ting du øydelegg ved å vere uforsiktig, kan du og foreldra dine måtte erstatte.
9. Vi ynskjer ikkje å høyre ukvemsord (nedsetjande ord, skjellsord, bannord), verken mot barn eller vaksne.
10. Dersom du bryt skulen sine reglar eller nektar å følgje dei vaksne sine beskjedar, kan du få:
 - a) Tilsnakk
 - b) Brev med heim, og skulen tek vidare kontakt med foreldra
 - c) Innkalling til samtale med rektor
11. Ved alvorleg brot på ordensregementet kan ein elev verte bortvist for enkelttimar eller for resten av dagen (*Opplæringslova, § 2-10*). Læraren kan vise bort ein elev for ei undervisningsøkt på maks to klokketimar. Lengre periodar krev vedtak frå rektor. Før det vert gjort vedtak om ei eventuell bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak av mindre alvorleg karakter. Ein skal gje eleven høve til å forklare seg munnleg for rektor. Foreldre/føresette skal i alle fall få varsel før bortvisinga er eit faktum. Ved vedtak om bortvising gjeld reglane i *Forvaltningslova, kap. 4 – 16*. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er klageinstans.

KØYREREGLAR FOR SAMKVEM MED ANDRE

Holmedal montessoriskule

Vi ynskjer ikkje negative kommentarar.

Gje nye ting ein sjanse. Etter å ha gjennomført ein aktivitet kan ein eventuelt komme med synspunkt på om ting burde vore gjort annleis. Det går an å ta det opp i samling, eller med ein av lærarane på tomannshand.

Vi er høflege og merksame mot alle.

Vi tek oss tid til å seie "God morgon!" til kvarandre, både store og små. Vi skal la andre komme først, hjelpe andre som har det vondt, trøste, eller seie frå til ein vaksen.

Alle må vite skilnaden på å sladre og å seie frå: Det første gjer du for at andre skal få kjeft, det andre gjer du fordi du vil hjelpe nokon.

Konfliktløsning er eit prioritert område.

Alle elevar og tilsette ved skulen, samt foreldra, skal kjenne til og ha innsikt i dette, som er avgjerande for å førebyggje mobbing på skulen.

- I konfliktløsning skal alle involverte partar verte lytta til.
- Alle involverte partar skal komme med framlegg til løysingar som hindrar at konflikta gjentar seg.
- Konfliktløysinga vert ikkje avslutta før avtaler er godkjende av alle partar, og alle er vel forlikte.
- Lærar følgjer opp, og ser til at avtalene vert følgde.



HAUST 2011

Gruppe 1 – Tysdag føremiddag
18. oktober
25. oktober
1. november
8. november
15. november
22. november

Gruppe 2 – Fredag ettermiddag
21. oktober
28. oktober
4. november
11. november
18. november

VÅR 2012

Gruppe 1 – Tysdag føremiddag
10. januar
17. januar
24. januar
31. januar
7. februar

Gruppe 2 – Fredag ettermiddag
6. januar
13. januar
20. januar
27. januar
3. februar

Tysdagar: Elevane reiser med rutebuss frå Holmedal 08.35. Elevar frå Askvoll kan møte ved symjehallen, etter avtale med kontaktlærar. Elevane returnerer i leigd buss ca. kl. 11.00.

Fredagar: Elevane reiser med leigd buss frå Holmedal kl. 12.20, og returnerer med rutebuss frå Askvoll 14.30. Elevar frå Askvoll kan gå heim frå hallen, etter avtale med kontaktlærar.

Alle elevane reiser, og medan halvparten badar, vil resten bruke biblioteket, eller gjere andre aktivitetar, og så byter gruppene halvveges.

Musikk – grupper Gruppe 2	
	<i>Partalsveker</i> <i>12.30 – 13.30</i>
<i>Tobias</i>	
<i>Nikolai Skarstein</i>	
<i>Jarl Anders</i>	
<i>Thea Marie</i>	
<i>Sunniva</i>	
<i>Bjørnar</i>	
<i>Kamilla</i>	
<i>Vilde</i>	<i>13.30 – 14.30</i>
<i>Malene</i>	
<i>Kim André</i>	
<i>Sofie</i>	
<i>Turid</i>	
<i>Damian</i>	
<i>Ole-Johan</i>	
	<i>Oddetalsveker</i> <i>12.30 – 13.30</i>
<i>Brage</i>	
<i>Ingrid</i>	
<i>Ragnar</i>	
<i>Emilie</i>	
<i>Ingeborg</i>	
<i>Maren</i>	
<i>Petter</i>	
	<i>13.30 – 14.30</i>
<i>Nikolai N.K</i>	
<i>Liv Anne</i>	
<i>Nikolai S.L</i>	
<i>Linnea</i>	
<i>Trygve</i>	
<i>Nikolai F.R</i>	
<i>Charlotte</i>	

Leksehjelp, skuleåret 2011/2012

Vi ynskjer at barnet vårt skal delta på leksehjelp måndag – torsdag

frå kl. 12.00 – 12.30.

Vi vil la elevane arbeide med lesetekstar og skriveoppgåver i desse øktene. Det vil ikkje vere ein pedagog tilstades i desse øktene, men ein assistent.

Namn på eleven: _____

Dato/Underskrift frå føresette:

Når begge foreldrene ikkje bur saman med barnet sitt/barna sine.

Når foreldre ikkje bur saman, vil samveret med barnet/barna vere ordna og organisert på mange ulike vis. Nokre foreldre har delt omsorg, og i andre tilfelle har den eine forelder den daglege omsorga, medan den andre forelder har fast samver. Det kan og vere tilfelle der barnet ikkje har fast kontakt med den andre forelder.

I dei tilfella der ein av foreldra har den daglege omsorga, pliktar ikkje skulen å gje informasjon til den andre forelder. Det er likevel ikkje noko i vegen for at vi gjer dette, om det er ynskjeleg.

I dei tilfelle der foreldra har delt omsorg, vil det vere naturleg at skulen sender informasjon til begge partar. Dette vil vere informasjon om utviklingsamtaler, arrangement, rutinar etc.

De vert kalla inn til utviklingsamtaler for barnet dykkar to gonger kvart skuleår. Dersom det er særskilt ynskje om at foreldre har samtaler kvar for seg, vil vi vere opne for dette.

Sidan variasjonane er store, og vi ikkje veit korleis de har ordna dykk, ber vi dykk om å orientere skulen om korleis de ynskjer at kontakten mellom heim og skule skal fungere.

Namn på eleven: _____

- *Vi har delt omsorg, og ynskjer å få same informasjon til begge partar. Vi ynskjer berre ein utviklingsamtale.*
- *Vi har delt omsorg, og ynskjer å få same informasjon til begge partar. Vi ynskjer ein utviklingssamtale for kvar forelder.*
- *Eg har dagleg omsorg, men ynskjer at _____ får informasjon frå skulen på lik linje med meg.*
(oppgje i så fall adresse og telefonnummer dersom dette er naudsynt)

Holmedal montessoriskule, 18.08.2011

Oddveig Lyngstad (rektor)